

 HELSE BERGEN <small>Haukeland universitetssjukehus</small>	<h2>SOReg - Datasikkerheit - Rutine</h2>
Kategori: Pasientbehandling/Pasientadministrasjon/Administrative støttefunksjoner	Gyldig fra/til:30.08.2024/30.08.2025
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Laboratorieklinikken/Avd. for medisinsk biokjemi og farmakologi	Versjon: 1.00
Godkjenner: Hege Hoff Skavøy	Driftsdokument
Dok. ansvarlig: Villy Våge	Dok.id: D78792

1 Rutine for datasikkerheit ved registrering i SOReg

Alle opplysingar som vert lagt inn i registeret reknast som teiepliktige helseopplysingar, og personvernforordninga og helselovgivinga stiller strenge krav til behandling av desse.

Generelt skal ein følgje dei retningslinjer som gjeld for IKT-sikkerheit ved det enkelte helseføretak.

For å ivareta sikkerheita ved registrering ligg der to automatiske sikkerheitsmekanismar i datasystemet: automatisk avlogging av datamaskina når den har stått urørt ei viss tid (vanlegvis 5-10 minutt), og automatisk avlogging av registeret (etter 3 timar).

Den enkelte som legg inn data i registeret er også pliktig til å aktivt hindre at uvedkomande får tilgang til personopplysingar som vert lagt inn i registeret.

1.1 Samtykke

Før det vert lagt inn opplysingar om ein pasient i registeret, skal samtykkeskjema vere signert og lagra forsvarleg (i forskingsserver eller på kontor i låst skap). Ved å klikke «ja» på spørsmål om samtykke har du eit juridisk og etisk ansvar for at samtykkeskjema er tatt i mot og lagra.

1.2 Registrere ein pasient i SOReg

Pålogging og avlogging i registeret

Du er personleg ansvarleg for at:

- Din personlege innlogging med bankID eller Buypass smartkort må ikkje utlånast til andre.
- Du ikkje legg inn opplysingar med nokon annan sin brukartilgang.
- Passord skal helst ikkje bli skrive ned (og om ein må skrive det ned for å hugse det, må det lagrast forsvarleg).
- Du brukar passordbeskytta skjermsparer (ctrl+alt+del eller windowstastlogge+l) når du går ifrå datamaskina og er innlogga i registeret.
- Du loggar av registeret, samt ditt område på datamaskinen, før du lar andre bruke datamaskina.

Endringer i denne versjonen:

Oppdateres i forbindelse med ny versjon av prosedyren.

Ikke skriv i endringsloggen. Endringer noteres i «Merknad til denne versjonen» i Dokumentvindu.

Versjon	Endring i denne versjonen
1.00	ingen